



Til Fylkestinget
Frå Fylkesordføraren

Dato: 09.10.2014
Vår ref.: 2014/13622-35
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.:

Svar på interpellasjonsspørsmål "Størst klimagassutslipp i Hordaland - Hva nå?" frå Tom Sverre Tomren

Tomren har stilt tre spørsmål til fylkesordføraren.

Spørsmål 1: Hvilken sektor og enkelt årsaker har medvirket til at utslippene har økt i fra 2009-2012 og hvor stor er den sektorvis økningen ?

15. september 2014 publiserte Statistisk sentralbyrå (SSB) tal på klimagassutslipp på fylkesnivå for perioden 2009 til 2012. Tala omfattar ikkje utslipp frå kontinentalsokkelen og luft- og sjøfart. På grunn av nye reknemetodar kan tala ikkje samanliknast med fylkesstatistikk før 2009 som i høve til nasjonale utslippstal er eit relativt lågt basisår.

- Av alle fylka er utslippa størst og aukar mest i Hordaland. Frå 2009 til 2012 steig utslippa med 0,9 millionar tonn CO₂-ekvivalentar, altså 24 %.
- Den største auka kjem frå energiforsyning og prosessutslipp i industri og bergverk (tabell 1 i vedlegget).
- Fem føretak har rapportert om utslippssauke som til saman står for meir enn 900 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Dei aller viktigaste er oljeraffineriet og kraftvarmeverket på Mongstad (tabell 2 i vedlegget). Minst 75 % av dei rapporterte punktutslippa høyrar til kvotepliktig sektor, i følgje nye tal frå Miljødirektoratet. Det vil seie at verkemidlane er statlege, og at fylkeskommunen ikkje har direkte påverknad eller styringsansvar.

Spørsmål 2: Mener fylkesordføreren at målsettingen i klimaplanen om reduksjon i klimagassutslipp skal forstås som en reel og bindende målsetting som skal virke styrende på fylkeskommunale vedtak (enkeltvis og samlet), eller skal den forstås mer i retning av en uforpliktende «visjon» eller som et såkalt «parademål»?

[Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030](#) er gjeldande regional politikk innan klima og energi. Den skal leggjast til grunn for fylkeskommunal, kommunal og statleg planlegging og verksemd. «Planen gjev ikkje rettsleg plikt, men gjev grunnlag for fråsegner og ev. motsegn til planar og saker som fylkeskommunen får på høyring...»

Måla vert innarbeid i fylkesrådmannen sine forslag til politiske vedtak og ligg saman med andre fylkeskommunale mål til grunn for fylkeskommunale planar. I eiga verksemd vert måla følgt opp med miljøstyring og -rapportering. Det er dessutan viktig å tydeleggjere ansvaret til andre aktørar.

Spørsmål 3: I lys av tallene fra SSB mener vi i MDG at det vil være en god ide å be om en uavhengig rapport for å evaluere politikk og vedtak som vi har gjort i HFK i lys av klimapolitiske mål i den aktuelle tidsperioden. Hvordan stiller fylkesordføreren til et slik forslag?

Det vart gjennomført ei ekstern evaluering i 2013. Undersøkinga frå MiSA omfatta ei vurdering av effekten til dei ulike tiltaka i Klimaplanen sitt handlingsprogram basert på eit livsløpsperspektiv. [Rapporten](#) inneheld anbefalingar for den vidare prosessen som er lagt til grunn for det vidare rulleringsarbeidet av plan og handlingsprogram.

Det synest å vere for tidleg å evaluere effekten av arbeidet igjen før ein har innarbeidd anbefalingane som vart gitt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Brit Mari Heggøy
Marit Rødseth
Vedlegg

1 Oversikt over utslepp frå Hordaland 2009-2012



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

REGIONALAVDELINGA